



Høyringsframlegg Planprogram



Kommuneplanens samfunns- og arealdel 2018 - 2048

dato/2017
Bømlo kommune
Rådmannen

Innhold

Forord av ordføreren
Målet med planarbeidet

Innleiing

1. Kommuneplan og planprogram

- 1.1 Kommuneplan
- 1.2 Planprogram og planstrategi
- 1.3 Felles planprogram for KPS og KPA

2. Føresetnader for planarbeid

- 2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar
- 2.2 Lokale føringar – planstrategien 2016 – 2020
- 2.3 Grunnleggjande prinsipp

3. Planprosessen - framdrift og medverknad

- 3.1 Høyring
- 3.2 Framdrift
- 3.3 Medverknad

4. Framtida og moglegheiter - hovudtema

- 4.1 Overordna visjon
- 4.2 Hovudtema
- 4.3 Innhold i dei enkelte hovudtema

5. Plan- og utgreiingsbehov

- 5.1 Vurdering i gjeldande planstrategi

6. Vedlegg

- 6.1 Lenker
- 6.2 Bømlo kommune – gjeldande planar
- 6.3 Regionale planar
- 6.4 Andre dokument

Forord

[Forord av ordførar]

Driftige folk i vakker natur.

Kommuneplanen er «masterplanen» for Bømlo. Denne kjem til å ligge til grunn for all anna planlegging i kommunen.

Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å sikre ei mest mogleg heilskapleg planlegging og styring av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Til det trenger me ein moderne, oppdatert og anvendeleg kommuneplan .

Innleiing

Her følger eit *framlegg* til planprogram i 6 kapittel.

Med tanke på å gjere lesinga så forståeleg som mogleg tar **kapittel 1** for seg nokre sentrale omgrep som planprogram, kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

Kapittel 2 tar for seg nokre av dei viktigaste *føringane* som kommunen skal ta omsyn til, internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Her definerer òg nokre *grunnleggjande prinsipp* som skal gjelde for alt planarbeid i Bømlo.

I **kapittel 3** står det om prosessen, både med tanke på *framdrift*, og korleis kommunen ønsker å sikre *medverknad* og involvere lokalsamfunnet.

Kapittel 4 skisserer kva overordna plantema som blir dei viktigaste å arbeide med framover, *hovudtema*. Når arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ta til, vil tematikken i planprogrammet vere førande.

Basert på gjeldande planstrategi, er det i **kapittel 5** lista opp kva planar kommunen har behov for i denne perioden. Her vil det òg etter kvart stå behov for eventuelle nye utgreiingar og planar, etter kvart som hovudtema blir bestemt.

Kapittel 6 er ei referering til nokre sentrale og relevante planar (lokale, regionale, nasjonale), forventingar, rammer med meir.

1 Kommuneplan og planprogram

«*Planleggingen skal stimulere og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklingen i kommunen og sikre befolkningen muligheter for påvirkning av kommunens utvikling»*
(Miljøverndepartementet 2009: 78)

1.1 Kommuneplan

Ein KOMMUNEPLAN er den viktigaste planen for heile kommunen.
Det er lovpålagt i Plan- og bygningslova (PBL) at alle kommunar skal ha ein kommuneplan.

Kommuneplanen består av to delar:

- ein SAMFUNNSDEL (KPS)
- og ein AREALDEL (KPA).

Desse er såkalla overordna dokument som skal omfatte og koordinere kommunen sine mest vesentlege målsettingar og oppgåver. Kommuneplanen skal også ha ein **handlingsdel**.

1.2.1 Kommuneplanens samfunnsdel - KPS

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. KPS skal ta stilling til langsigtige utfordringar, mål og strategiar (PBL §11-2).

1.2.2 Kommuneplanens arealdel - KPA

Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. KPA omfatter plankart, føresegner og planskildringar. (PBL§ 11-5).

1.2.3. Kommunedelplanar, temoplanar og vegleiarar

I tillegg kan kommunen lage ei rekke **kommune-del-planar (KDP)** for enkeltområde og tema. Bømlo kommune har utarbeida ei rekke kommunedelplanar, til dømes for oppvekst og helse

For nokre tema kan kommunen utarbeide såkalla **temoplanar eller vegleiarar**.

1.2.3 Handlingsdel

Planar er til for å realiserast. Difor skal alle kommuneplanar, og delplanar, ha ein **handlingsdel**. I denne skal dei konkrete tiltaka for å gjennomføre planen, stå. For kommuneplanen sin del, skal handlingsplanen sjåast i samanheng med samfunnsdelen (PBL § 11-1). I praksis kan handlingsdelen vere budsjettplanen som skal rullerast kvart år.

Sjå elles Plan og bygningslova (PBL) kapittel 11 for kva som er lovfesta om kommuneplanlegging.

1.2 Planprogram og planstrategi

1.2.1 Planstrategi

Kvart fjerde år skal kommunestyret vedta ein **planstrategi**.

Planstrategien for Bømlo kommune blei vedtatt september 2014 og revidert i mai 2016. Dette er kommunestyrets bestilling av planar for denne perioden (2015-19).

Her står det mellom anna:

«Gjennom prioritering av planarbeidet vil det vere mogleg å vurdera kva planar som skal startast opp og utarbeidast kvart år, slik at det kan setjast av midlar og ressursar til planarbeidet i budsjettet» (side 5).

Med andre ord er det gjennom planstrategien at kommunestyret har bestemt kva for planar ein har behov for dei neste fire åra. Det er her det er vedtatt at Kommuneplanen, som sist blei vedtatt i mars 2013, treng ei fornying, ei såkalla *rulling* eller *revidering*.

Det er ei revidering av kommuneplanen dette framlegget til planprogrammet gjelder for.

1.2.2. Planprogram

For alle kommunale planar som får store konsekvensar for miljø og samfunn, skal det lagast eit **planprogram**. Dette dokumentet du leser i no, er eit planprogram for Bømlo kommune sin revidering av kommuneplanen, og er ei slags «oppskrift» for arbeidet framover.

I PBL § 4-1 er det lovfesta kva eit planprogram skal innehalde. Mellom anna skal planprogrammet beskrive:

- Formålet med planane
- Prosessen med fristar og deltagarar
- Opplegg for medverknad og involvering
- Kva alternativ som blir vurderte og behov for utgreiingar

Det er kommunestyret som fastsett planprogrammet.

Eit planprogram blir sendt ut på høyring i minimum 6 veker, slik at alle kan uttale seg. Med tanke på å involvere fleire og betre enn i tidlegare planarbeid, legg Bømlo kommune opp til ei noko lengre høyring enn det lova seier er minimum.

1.3 Felles planprogram for KPS og KPA

Kommuneplanen sine to delar kunne kvar for seg hatt sine eigne planprogram. Det blir likevel meir vanleg å behandle desse saman, i same planprogram. Erfaring frå andre kommunar syner at det kan gjere det lettare å sjå all planlegging i samanheng.

Derfor ønsker Bømlo kommune denne gongen å ha eit *felles planprogram* for samfunnsdelen (KPS) og arealdelen (KPA).

Ein tar sikte på å vedta samfunnsdelen først. Her vil det meste av grunnlaget for korleis arealdelen skal utformast

[FIGUR planstrategi – planprogram – kommuneplan]

2 Føresetnader og prinsipp for planarbeid

Sidan dette dokumentet er eit framlegg til planprogram for kommuneplanen, og skal på høyring og gjenstand for ulike innspel, så er innhaldet ope for endringar. Det er til slutt kommunestyret som vedtar den endelige teksten.

2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringer

Det som ikkje kan endrast på gjennom kommuneplanen, og som Bømlo kommune skal halde seg til, er ei rekke internasjonale, nasjonale og regionale avtaler og planar. Til desse er det òg ofte utarbeida *planretningslinjer* og *forventingar*, og alt dette legg føringer for kommunane. Bømlo kommune skal samordne og implementere nasjonale og regionale mål i sitt planarbeid. Konkrete målsettingar og nytte skal drøftast og vurderast, men vil òg påverke kva *hovudtema* ein skal prioritere i kommuneplanen.

Blant dei mest sentrale nasjonale og regionale mål er:

- A. Gode og effektive planprosessar med tydelege mål
- B. Krav om samhandling på tvers av sektorar
- C. Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- D. Attraktive og klimavenleige by- og tettstadområde
- E. Demokratisk medverknad og inkluderande samfunn
- F. Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Sjå elles kapittel 6 Vedlegg, for oversikt over nokre sentrale planar og førande dokument

2.2 Lokale føringer – planstrategien 2016 - 2020

Det er i gjeldande **planstrategi 2016 – 2020** (revidert mai 2016) det står kva for overordna tema kommunen skal rette planlegginga mot i denne perioden (2015-2019). I planstrategiens punkt 2.1 *Gjeldande kommuneplan (arealdel og samfunnsdel)* og i punktet *Prioriterte planoppgåver 2016 – 2019*, med tabell, side 28 - 29, klargjort behovet for ei revidering av kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel.

I planstrategiens kapittel 5 er det vist til tre sektorovergripande tema for planarbeidet: **folkehelse, integrering og strategi for friviljugheit**.

Desse temaa skal vidareførast i den nye kommuneplanen, men det kan vere føremålstenleg å avklare nokre omgrep og omplassere litt i «tema-hierarkiet».

2.3 Grunnleggjande prinsipp

All planlegging kan seiast å vere sektorovergripande; planlegging av kultursektor må sjåast i samanheng med oppvekst, som må sjåast i samanheng med helse, som må sjåast i samanheng med miljø og så vidare. Dette syner og at det vil vere betre å skilje ut eit par grunnleggjande tema og omtale desse som **grunnleggjande prinsipp**.

Folkehelse egner seg godt som gjennomgåande tema og grunnleggjande prinsipp for all planlegging. Slik er det òg beskrevne og definert i planstrategien.

Integrering, slik det er forstått i planstrategien, gjeld minoritetsspråklege men egner seg betre som eit hovudtema. Etter kvart som kommunedelplan for integrering blir ferdig, bør ein vidare drøfte om integrering skal forståast i meir utvida forstand, som *inkludering*.

Frivilligstrategi er eit viktig hovudtema men vanskelegare som eit grunnleggjande prinsipp. Sjølv om store delar av kommunal verksemd vil bli avhengige av eit godt samarbeid med frivillige i framtida, betyr ikkje det det same som at all communal planlegging skal fremje frivilligkeit. Mange oppgåver skal og bør bli utførd av lønna, faglærde og profesjonelle.

Klima og miljø er omtalt i planstrategien, men ikkje som sektorovergripande tema. På lik linje med folkehelse så er dette likevel både sektorovergripande og det viktigaste grunnleggjande prinsipp av alle; ingen planlegging skal gå på akkord med klima og miljø. Dette er godt forankra i lovverket, og i tråd med nasjonale og internasjonale målsettingar og forventingar.

Grunnleggjande prinsipp

Grunnleggjande prinsipp betyr tema som skal vere gjennomgåande innan alt virke, tverrsektorielt og på alle forvaltningsnivå. Desse skal med i alle planverk i kommunen og ingen planar skal vere i konflikt med dei grunnleggjande prinsippa:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på klima, natur, menneska og økonomi
- All planlegging skal gjerast med omsyn på folkehelse
- Der ein manglar kunnskap om konsekvensar skal ein nytte «føre var»-prinsippet

3 Planprosessen – framdrift og medverknad

3.1 Høyring

Formannskapet sender planprogrammet ut på høyring og offentleg ettersyn med frist 1.februar 2018.

Planprogrammet skal bli presentert for statlege og regionale mynde og i regionalt planforum.

3.1.1 Tilgang til planprogramdokumentet

Planprogrammet skal vere lett tilgjengeleg elektronisk og i dei sosiale medium kommunen bruker, saman med ein engelskspråkleg kortversjon. Trykka versjonar blir tilgjengeleg i resepsjonen på rådhuset.

Dei kommunale utvala og formannskap skal gjennom løypemeldingar og/eller munnlege orienteringar, vere orienterte gjennom heile planprosessen.

3.2 Framdrift

Her følger ein oversikt over korleis arbeidet med kommuneplanen kjem til å utvikle seg over tid.

Årsaka til at det er lagt opp til noko lengre høyring av planprogrammet enn minimumskrava i loverket krev, er at ein allereie i planprogrammet ønsker å peike ut nokre overordna tema for kommuneplanen. Både politiske og andre offentlege råd og utval (Eldrerådet, Råd for funksjonshemma, Ungdomsrådet, Naturbruksutvalet) blir viktige høyringsinstansar for planprogrammet.

3.2.1 Planprogrammet

Planprogrammet legg opp til at ein først skal starte arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel (KPS), før arealdelen (KPA). I praksis vil det noko av arbeidet overlappe. Samstundes er kommunen allereie i gong med andre kommunedelplanar.

3.2.2 KPS

Også for KPS blir det lagt opp til ein meir omfattande prosess enn tidlegare. I KPS vil hovudtema for kommunens arbeid dei neste åra bli bestemt. Dette er viktige strategiske val som kommunen ønsker at så store delar av Bærum som mogleg skal bli involvert i, og få moglegheit til å komme med innspel. Derfor blir høyringsperioden ein del lengre enn lovkravd minimum.

FRAMDRIFT

PP S+A	Planprogram - felles for samfunns- og arealdel
KPS	Kommuneplanens samfunnsdel
KPA	Kommuneplanens arealdel
PS	Planstrategi (kvart 4. år, seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre)
*	Endeleg vedtak

H2017	V2018	H2018	V2019	H2019	V2020	H2020
PP S+A	PP S+A* mars					
	KPS	KPS	KPS* juni			
			KPA	KPA	KPA* juni	KPA
					PS	PS *september

Haust 2017

Planprogram: arbeidsgruppe, styringsgruppe. Oppstart og høyring. Formannskap og utvala med innspel til hovudtema. Infomøte.

Våren 2018

Planprogram: Inspirasjonsseminar desember/januar for folkevalde, administrasjon, råd og utval. Presentasjon for statlege og regionale mynde i regionalt planforum. Dialog med Fylkesmannen og mynde som kan fremje motsegn. Vurdering av innspel.

Endeleg PP vedtak mars 2018.

KPS: Arbeids- og styringsgruppe, utkast og oppstart. Høyring.

Haust 2018

KPS: Høyring. Involvering, folkemøte, utgreiingar.

KPA: arbeids- og styringsgruppe. Utarbeide utkast.

Våren 2019

KPS: involvere gammalt og nytt kommunestyre/kandidatar. **Endeleg vedtak KPS juni 2019.**

KPA: arbeids- og referansegruppe. Utkast.

Haust 2019

KPA: Oppstart og høyring av KPA. Utgreiingar. Involvering, folkemøte, vurdering av innspel.

Våren 2020

KPA: involvering, folkemøte, vurdering av innspel. **Endeleg vedtak juni 2020.**

Utarbeiding av ny Planstrategi (PS) 2020 – 2023, høyring.

Haust 2020

Planstrategi for 2020 - 2023: **Endeleg vedtak september 2020**

3.2.3 Styringsgruppe for planprogrammet

Me legg fram ei styringsgruppe bestående av ordførar, varaordførar, representant frå opposisjonen, strategisk leiargruppe, samfunnsplanleggar og tillitsvald.

3.2.4 Arbeidsgruppe for planprogrammet

Det blir satt ei administrativ arbeidsgruppe med ordførar som politisk representant.

3.3 Medverknad

Alle innbyggjarar har lovfesta rett til å uttale seg til alle planar som kommunen legger ut til høyring. Nasjonale styresmakter forventar at kommunane gjer meir enn lovfesta minimum når det gjeld medverknad. Bømlo skal følgje dette opp og vil legge til rette for, og ta initiativ til, aktiv medverknad og auke deltaking. Lokalsamfunnet skal verte brent involvert som til dømes dei folkevalde, bømlingar i alle aldersgrupper, det sivile liv, kultursektor, næringsliv, born og fleire andre.

Å involvere lokalsamfunnet gjennom heile planprosessen har fleire fordelar som til dømes:

- Lokaldemokratiet blir halde i hevd
- Eigarskap til sluttresultatet
- Usenje og konfliktar kan avklarast, løysast og få minnelege løysingar på eit tidleg stadium

3.3.1 Metodikk

Fleire i kommunen, både tilsette, skuleelevar, grendelag og andre, har vore med op kursa i, og opparbeida seg viktig erfaring med, ABCD-metoden. Dette er blant dei metodane for medverknad me ønskjer å nytte i kommuneplanarbeidet òg.

PLP- metoden (Prosjektlederprosessen), som har eit tydeleg fokus på eigarskap, organisering og korleis ein formulerer gode prosjektmål i offentleg sektor, kan òg vere aktuelt. Det same gjeld «10-punktsmodellen for lokalt utviklingsarbeid», ein erfaringsbasert metodikk som retter seg mot strategisk arbeid med lokal utvikling.

3.3.2 Planprogrammet og medverknad

Det er som nemnt lagt opp til at ein allereie i planprogrammet siler ut nokre hovudtema for resten av kommuneplanarbeidet. Difor verte det å aktivt involvere kommunestyret sine eigne organ (utvala, formannskap) og dei offentlege oppnemnte råd og utvala (Eldrerådet, Råd for funksjonshemma, Ungdomsrådet, Naturbruksutvalet) i denne delen av planfasen, med spesielt fokus på hovudtema.

- A. Formannskapet kjem med innspel på hovudtema.
- B. Work-shop med kommunale råd og utval
- C. Inspirasjonsseminar for folkevalde og kommunalt tilsette

Utvala og formannskap skal holdast orientert om arbeidet undervegs.

Alle sektorane skal involverast og få god anledning til å komme med innspel for at planbehov skal avklarast så tidleg som mogleg.

3.3.3. KPS, KPA og medverknad

Når arbeidet med samfunnssdelen tek til frå våren 2018, vil kommunen gå breiare ut, som til dømes mot lag- og organisasjoner, grendelag, næringsliv osb. Målet er å få ein inkluderande prosess og at så mange som mogleg skal få eit eigarskap til, og nytte av, den endelege kommuneplanen.

Det kan vere mogleg å overlappe noko av arbeidet mellom KPS og KPA, til dømes om strategiske temakart.

Kommunen skal mellom anna:

- A. Halde folke- og innspelsmøte på ulike plassar i Bømlo
- B. Idèmyldringsmøte og work-shop
- C. Oppsøke skular og BHG
- D. Nytte grendelaga
- E. utval og råd
- F. Informasjonsmøte og idétorg
- G. Kombinere innspelsmøte for planprogram/kommuneplan og andre aktuelle delplanar der dette er høveleg

4 Framtida og moglegheiter - hovudtema

Samfunnsdelen skal ikkje ta for seg kvart saksfelt i kommunen ned på detaljnivå. Mykje skal bli tematisert og konkretisert i dei ulike handlings- og kommunedelplanane.

Andre saksfelt er det ikkje behov for eit omfattande planarbeid eller egner seg ikkje som hovudtema, men kan utmerka godt vere gjenstand for *temaplanar* og *vegleiande strategiar*.

4.1 Overordna visjon

For å kunne planlegge kommunen vår kan me ikkje dra i kvar for retning. Me må bli einige om eit felles mål, ein *overordna visjon*. Me må kunne svare på:

Kven er me?

Kva er med stolte av?

Korleis ønsker me å stå fram om 30 - 100 år?

Å få fram ein overordna visjon i kommuneplanens samfunnsdel, som gjer oss eit tydeleg, kollektivt mål, vil vere ei målsetting i seg sjølv framover. Det vil gjere det enklare å meisle ut hovudtema i framtida.

4.2 Hovudtema

Hovudtema er dei viktigaste plantemaa som kommunen skal prioritere i kommuneplanperioden.

Prioritere impliserer òg å velje bort tema. Å velje hovudtema under handsaminga av planprogrammet betyr ikkje at det er umogleg å endre, legge til eller ta bort, seinare, i samfunnsdelen. Å drøfte og vere tydelege på nokre tema no, vil likevel gjere arbeidet meir føreseieleg frå starten av, som er positivt med tanke på arbeidskapasitet både hjå dei folkevalde og i administrasjonen.

Basert på føresetnadane i kapittel 3, gjeldande planstrategi og dei grunnleggjande prinsippa er følgande hovudtema lagt fram (ikkje rangert):

Hovudtema for Kommuneplan Bømlo 2018 – 2048:

- A. Framtidsretta bustadbygging
- B. Digitalisering i kommunen
- C. Attraktive lokalsentra og gaterom
- D. Næringsliv
- E. Kystbasert friluft- og reiseliv
- F. Kulturforvaltning
- G. Mobilisere frivillige
- H. Betre oppvekst- og læringsmiljø for barn og unge

4.3 Innhold i dei enkelte hovudtema

Mykje av dette vil overlate kvarandre. Dette er ikkje gjensidig eksluderande, eller rangerte tema, men for å få tydelege mål ,er det bra med ei viss sortering. Dette vil òg endre seg i løpet av høyringsprosessen.

Val av hovudtema er med på å bestemme kva kommunen skal bli god på og prioritere å få meir kunnskap og kompetanse på.

Her er i stikkord kva hovudtema *kan* innehalde:

- A) Framtidsretta bustadbygging** – strategisk lokalisering, klimatilpassing, ROS, demografisk tilpasning. Fremje sykling og kollektivreiser for alle (berekriftig transport). Kompetanse, engasjement og ressurser hos private aktører. Godt samarbeid mellom kommune og utbyggjarar. Bømlo sin utviklingskultur. Redusere energibehov (immobilt og mobilt).
- B) Digitalisering i kommunen** – «digitalisering» i utvida forstand, inkludert velferdsteknologi. Mål om meirverdi for brukarane, meir rasjonell bruk av helsemidlar. Enklare for brukarar. Å gjere ting meir forståeleg.
- C) Attraktive lokalsentra og gaterom** – besøks-, bedrifts- og bostedsattraktivitet. Satse på lokalsentra. Miljøgater. Arkitektur, og design. Inkluderande og universell utforming. Klimatilpassing. «Deep place» - rotfesta i lokal historie og uthrykk.
- D) Næringsliv** – betre kollektivtilbod, fleire kvinnelege leiarar, både privat og offentleg. Landbruk og jordvern. Akvakultur. Maritim og marin sektor.
- E) Kystbasert friluft- og reiseliv** - Heng tett saman med næringsliv. Rolle som fasilitator. Bygge opp under visitsunnhordland.no. Infrastruktur.
- F) Kulturforvaltning** – kulturminne, brukskultur, sosial kultur. Fremje moderne kulturuttrykk som er unike for Bømlo (musikk, kunst). Kulturmiljø. Kystkultur i utsmykning, uthrykk og arkitektur. «Deep culture» rotfesta i lokalhistoria.
- G) Mobilisere frivillige** – Samfunnsressurs. Sikre kontinuitet. Angår kulturliv, omsorgssektor, inkludering. Ta høgde for det «spontane», uorganiserte frivillige arbeidet.
- H) Betre oppvekst- og læringsmiljø for barn og unge** – læringsmiljø som er utfordrande nok. Robuste, trygge, sjølvstendige barn. Identitet, meistring for alle unge. Fritids og kulturtildod på dei unge sine premissar. Mobbing.

I tillegg til dette kjem tema i gjeldande planprogrammet om **kommunen som organisasjon**.

5 Plan – og utgreiingsbehov

5.1 Vurdering i gjeldande planstrategi

Det er i gjeldande planstrategi 2016 – 2020 (revidert mai 2016) lista opp kva planoppgåver som vil verte prioriterte i perioden. Dette er ikkje ei uttømmende liste og er ope for endringar ut i frå nye lover, forskrifter, osb. Denne ligger til grunn for ny kommuneplan, kor eventuelle nye planbehov skal gjerast greie for.

Frå planstrategi 2016 – 2020 (revidert mai 2016), side 28:

X i tabellen markerar formelt oppstartsår.

Plan	Merknad	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplan						
Kommuneplanen sin samfunnsdel	Ny 2013		X			
Kommuneplanen sin arealdel	Ny 2013		X			
Kommunedelplanar						
Kommunedelplan vatn og avløp	Vedteken 2015					X
Kommunedelplan oppvekst		X				
Kommunedelplan kultur	Ny		X			
Kommunedelplan kulturminne	Oppstart 2015					
Kommunedelplan Helse, Sosial og Omsorg 2015-2025	Oppstart 2015					
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2022	Ny 2016					
Trafikksikringsplan 2011-2015	Oppstart 2015					X
Kommunedelplan kommunale vegar				X		
Reguleringsplanar						
Fv 541 Sakseid-Hestanes	Oppstart 2015					
Fv 541 Ekornsæter -Sakseid	Samarb. Vegvesen	X				
Fv 12 Sakseid -Grønnevik	Samarb. Vegvesen		X			
Fv 542 Notland-Mosterhamn	Samarb. Vegvesen	X				
Fv 23 Thormodsæter-Gilje	Samarb. Vegvesen				X	
Fv 19 Rubbestadneset- Aga krysset	Samarb. Vegvesen		X			
Temaplanar						
Strategisk næringsplan	Rullering		X			
Landbruksplan	Rullering		X			

(fortsett neste side)

Frå planstrategi 2016 – 2020 (revidert mai 2016), side 29:

Plan	Merknad	2016	2017	2018	2019	2020
Klima- og energiplan	Rullering	X				
Den kulturelle skulesekken	Årleg Rullering	X	X	X	X	X
IKT-strategiplan for grunnskulen	Rullering	X				
Skulebruksplan 2014-2025	Rullering				X	
Handlingsplan idrett og fysisk aktivitet	Årleg rullering	X	X	X	X	X
Strategi og utviklingsplan for Bømloskulen	Årleg rullering	X	X	X	X	X
Kompetanseplan oppvekst	Årleg rullering	X	X	X	X	X
Integreringsplan	Ny	X				
Kompetanse og rekrutteringsplan. Helse, sosial og omsorg	Årleg rullering	X	X	X	X	X
Plan for miljøretta helsevern	ny		X			
Plan for fagområdet psykisk helse og rus 2014-2016	Vedteken 2013 Rullering ?	X				
Bustadsosial handlingsplan 2010-2014	Rullering	X?				
Demensomsorg i Bømlo kommune 2008-2015	Rullering		X?			
Smittevernplan 2014-2018	Vedteken 2014			X		
Plan for helse og sosial beredskap						
Risiko- og sårbarhetsanalyser						
Risikostyringsplan 26.3.12						
Overordna Beredskaps- og kriseplan		X				
Lønnspolitisk plan	Revisjon	X				
Kommunikasjonsplan 2013-2017	Rullering		X			
Målbruksplan	Gjeld frå 1998					
Økonomiplan 2016-2019	Årleg rullering	X	X	X	X	X
Eigarmelding revidert 2014		X?				
Likestillingsplan	Gjeld frå 2001					
Handlingsplan for sløkkevatn					X	
Plan for ungdomspolitisk virke	Ny		X?			

6 Vedlegg

Denne oversikten syner nokre sentrale plan og dokument som legg føringar for planarbeidet i kommunen. I tillegg kjem det internasjonale avtaler og konvensjonar som Noreg har sluttat seg til, og som får konsekvensar på lokalt nivå, til dømes EØS-avtalen og Paris-avtalen.

6.1 Lenker

6.1.1 Bømlo kommune:

<https://www.bomlo.kommune.no/sjolvbetjening/kart-planar-og-publikasjoner/>

6.1.2 Hordaland fylkeskommune:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>

6.1.3 Regjeringa:

www.regjeringen.no

6.2 Bømlo Kommune – gjeldande planar:

Budsjett 2017 og velferdsplan 2017-2020

Bømlopakken, vegplan for Bømlo

Den kulturelle skulesekken

Fiskerihamneplan for Bømlo 2013

Flyktningplan

Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-2027

Handlingsplan folkehelse 2015

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016 - 2022

Klima- og energiplan 2009-2014

Kommuneplan 2013-2025

Landbruksplan

Planstrategi for Bømlo kommune 2014 – 2018

Skulebruksplanen 2014-2025

Strategisk Næringsplan 2011-2015

Trafikksikringsplan 2016-2020

6.3 Regionale planar

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle

Regional kulturplan 2015 - 2025 - Premiss: kultur

Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Regional næringsplan

Regional plan for klima og energi

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar

Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030

Skulebruksplanen

Regional plan for kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014-2017

Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016

6.4 Andre dokument

«Medvirkning i planlegging - Hvordan legge til rette for økt deltakelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, , juni 2015

«Samfunnsvirkninger av boligpolitikk Boligsatsinger og samfunnsutvikling i ti norske distriktskommuner». Sørsvoll og Løset. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring NOVA Rapport 3/2017

«Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging – grunnlag for innsigelse», vegleiar nr 2 - 2017. Norges vassdrags- og energidirektorat

«Ungdom og medvirkning i planlegging og lokalt utviklingsarbeid - Å slippe til og bli sluppet løs er to sider av samme sak». Sletterød, Carlson, Kleiven og Sivertsen. Trøndelag Forskning og Utvikling, 2014.

«Kunnskapsstatus om medvirkning og mobilisering – Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009». Lønning og Teigen. Nordlandsforskning, Høgskulen i Lillehammer, 2009.

«Samfunnsutviklingskapasitet i småkommuner – en studie av 41 småkommuner». Cruickshank, Vasstrøm, Sand m.fl. Trøndelag Forskning og Utvikling og Agderforskning, 2014.

Framsidefoto: Alf Helge Greaker/Bømlo Kommune